

Innkalling til møte i Utval for utdanning og internasjonalisering (UUI)

Tid: Måndag 5. september 2022 kl. 13.00-15.00

Stad: Rom 435 på HF-bygget

Til: Heming Helland Gujord (undervisningskoordinator), Peter Svare Valeur (allmenn litteraturvitskap), Daniel Jung (digital kultur), Koenraad De Smedt (språkvitskap), Agnete Nesse (nordisk språk), Frode Helmich Pedersen (nordisk litteratur), Ulla Kallenbach (teatervitskap), Matti Wiik (klassisk), Ilka Wunderlich (norsk kursa), Ragnhild Lie Anderson (lektorutdanninga), Ingrid Halland (kunsthistorie), Linnea Reitan Jensen (sekretær), Sarita Helen Øygard, Saskia Cowan og Marielle Larsen (studentrepresentantar)

Studieadministrasjonen ved LLE stiller som observatørar.

Saksliste

UUI-sak 9/22: Godkjenning av innkalling og saksliste	1
UUI-sak 10/22: Orienteringssaker	1
Orienteringssak 1: Referat frå førre møte.....	1
Orienteringssak 2: Om tilsettutveksling ved Helge Bjørlo.....	1
Orienteringssak 3: Status for fagmiljø og studentar	1
Orienteringssak 4: Fagkoordinator sine arbeidsoppgåver	2
Orienteringssak 5: Arbeid med studiekvalitet.....	2
UUI-sak: 11/22 Drøftingssaker	2
Drøftingssak 1: Utveksling.....	2
UUI-sak 12/22: Ymist.....	2

UUI-sak 9/22: Godkjenning av innkalling og saksliste

Framlegg til vedtak: UUI godkjenner innkalling og saksliste.

UUI-sak 10/22: Orienteringssaker

Orienteringssak 1: Referat frå førre møte

Vedlagt. Godkjent på sirkulasjon etter førre møte.

Orienteringssak 2: Om tilsettutveksling ved Helge Bjørlo

Helge Bjørlo frå Studieavdelinga snakkar om utveksling for tilsette.

Orienteringssak 3: Status for fagmiljø og studentar

Alle UUI-medlemene får *tre* minutt kvar til å orientere om stoda i fag- og studentmiljøet.

Orienteringssak 4: Fagkoordinator sine arbeidsoppgåver

Instituttet har eit mandat for fagkoordinatorar. Mandatet er vedlagt. Heming orienterer.

Orienteringssak 5: Arbeid med studiekvalitet

Det er viktig å følgje opp formelle krav som inngår i utviklinga av studiekvalitet. Dette handlar om evaluering av emne og program etter faste syklusar, bruk av ekstern fagfelle og programevaluering kvart femte år. Det er avgjerande for programevalueringa at det løpande kvalitetsarbeidet er dokumentert.

Alle emne skal ha ei årleg eigavurdering

Alle emne skal studentevaluerast kvart tredje år

Alle program skal ha ei årleg eigavurdering

Alle program skal evaluerast kvart femte år

Ekstern fagfelle leverer rapport på bestilling frå programstyret kvart år (frist 1. januar).

UUI-sak: 11/22 Drøftingssaker

Drøftingssak 1: Utveksling

Utveksling er eit av områdene vi vert målt på, og det er viktig å arbeide kontinuerleg med utvikling av ordningar for utveksling for studentane våre.

Studentar kan søke om å reise på utveksling to gonger i året: innan 1. september og innan 1. februar.

Til desse fristane er det viktig at vi har utvekslingsavtalane våre på plass, og at informasjonen på nettsidene er rett.

UUI-sak 12/22: Ymist